




Austevoll kommune



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.

0032 OSLO

Vår ref.
10/1955-11/2218/ANF

Arkivkode
FA-C00

Dykkar ref.

Dato
09.02.2011

Melding om vedtak

Høring - Rapporten Kulturskoleløftet - kulturskole for alle

Austevoll kommunestyre handsama sak i møte den 1. februar 2011, sak 017/11.

Kommunestyre gjorde følgjande vedtak:

Austevoll kommunestyre vil gje følgjande uttale:

Innleiing

Austevoll kommune takkar for invitasjonen til å gje uttale til rapporten "Kulturløftet: Kulturskole for alle"

Vi finn det svært gledeleg at regjeringa har sett kulturskulesaka høgt på den politiske dagsorden både i Soria Moria-erklæringa og i Kulturløftet I og II.

Utsagnet i Kulturløftet II er visjonært og syner sterk vilje til statleg ansvar for skuleslaget:

"Det skal gjennomføres et kulturskoleløft slik at alle barn som ønsker det får et kulturskoletilbud av god kvalitet til en rimelig pris. Dette skal sikres ved statlige stimuleringsmidler og en solid kommuneøkonomi."

"Alle barn som ynskjer det"

Utvalet legg til grunn for sine framlegg til statlege tilskotsordningar at ein innan 2014 skal nå målsetjinga om at 30 % av elevane i grunnskulen skal få plass i kulturskulen.

For heile landet er talet i dag 14,8 % og i Austevoll 23,7 %.

At talet i dag er såpass høgt i Austevoll skuldast at vi i år har svært mange elevar på dans, der det vert undervist i store grupper.

På same måte som for landsgjennomsnittet, er "ventelistetalet" i Austevoll på om lag 25 % av elevtalet i kulturskulen.

Dersom vi hadde teke opp alle elevane som står på venteliste, hadde vi kome opp i 29,5 % dekning av elevane i grunnskulen, det vil si om lag det same som den nasjonale målsetjinga på 30 %.

Slik vi ser det, og som rapporten og peikar på, er det berre gjennom ein kraftig auke i statlege stimuleringsmidlar at målsetjinga kan nåast. Dette må vere faste stimuleringsmidlar og ikkje berre prosjektmidlar, altså tilskot av type 2 i utvalet si tilråding.



Austevoll kommune

"Rimeleg pris"

Fram til 2004 var maksimumsprisen fastsett av staten til 1600 kr pr. år. I Austevoll er kontingenten på musikktilboda i dag 3675 kr, men med 25 % syskenmoderasjon.

Utvalet gjev framlegg om makspris på 2000 kr.

Vi er samd med utvalet i at dette er eit passande nivå for "ein rimeleg pris", men ser og at ein slik reduksjon av kontingenten i Austevoll vil føre til eit stort inntektstap dersom dette ikkje vert kompensert med statlege midlar.

Vi støttar framlegget til makspris på 2000 kr under føresetnad av at inntektstapet vert kompensert av staten.

Forskrift – statleg ansvar.

Den einaste lovfestinga av kulturskulen i dag er Opplæringslova sin § 13.6:

"Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles."

Dette skuleslaget er for viktig til at dette skal vere det einaste nasjonale grunnlaget for dette. Difor er det naudsynt at det kjem nasjonale forskrifter som gjev klarare retningsliner for korleis dette skuleslaget skal vere ute i kommunane.

Dette vil ha mykje å seie for at intensjonane i lova vert realisert.

Forskriftene må gje retning og føringar for innhald, kvalitet og volum som kommunane kan halde seg til.

Vi støttar utvalet sitt framlegg til forskrifter som eit godt utgangspunkt.

I tillegg kan ein framtidig forskrift gjerne og innehalde meir om innhaldet i kulturskulen.

Oppsummering.

Austevoll kommune støttar i all hovudsak konklusjonane i rapporten og håpar Stortinget vil ta denne på alvor og gjere dei naudsynte vedtaka for å kunne realisere Kulturskuleløftet.

Til orientering legg vi ved saksframlegg.

Spørsmål i saka kan rettast til kulturskulerektor Audun Alvsåker tlf. 55 08 12 20 eller til postmottak@ austevoll.kommune.no.

Med helsing

Helge Andre Njåstad
Ordførar

Dok.dato	Tittel
24.11.2010	Invitasjon til høring - Rapporten Kulturskoleløftet - kulturskole for alle

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
	TENESTEUTVALET		Audun Alvsåker
	FORMANNSKAPET	12.01.2011	Audun Alvsåker
017/11	KOMMUNESTYRE	01.02.2011	Audun Alvsåker

Arkivsaknr. 10/1955	Arkiv: FA-C00
---------------------	---------------

Invitasjon til høring - Rapporten Kulturskoleløftet - kulturskole for alle

01.02.2011 KOMMUNESTYRE

Handsaming i møtet:

KST-017/11 Vedtak:

Austevoll kommunestyre vil gje følgjande uttale:

Innleiing

Austevoll kommune takkar for invitasjonen til å gje uttale til rapporten "*Kulturløftet: Kulturskole for alle*"

Vi finn det svært gledeleg at regjeringa har sett kulturskulesaka høgt på den politiske dagsorden både i Soria Moria-erklæringa og i Kulturløftet I og II.

Utsagnet i Kulturløftet II er visjonært og syner sterk vilje til statleg ansvar for skuleslaget:

"Det skal gjennomføres et kulturskoleløft slik at alle barn som ønsker det får et kulturskoletilbud av god kvalitet til en rimelig pris. Dette skal sikres ved statlige stimuleringsmidler og en solid kommuneøkonomi."

"Alle barn som ynskjer det"

Utvalet legg til grunn for sine framlegg til statlege tilskotsordningar at ein innan 2014 skal nå målsetjinga om at 30 % av elevane i grunnskulen skal få plass i kulturskulen.

For heile landet er talet i dag 14,8 % og i Austevoll 23,7 %.

At talet i dag er såpass høgt i Austevoll skuldast at vi i år har svært mange elevar på dans, der det vert undervist i store grupper.

På same måte som for landsgjennomsnittet, er "ventelistetalet" i Austevoll på om lag 25 % av elevtalet i kulturskulen.

Dersom vi hadde teke opp alle elevane som står på venteliste, hadde vi kome opp i 29,5 % dekning av elevane i grunnskulen, det vil si om lag det same som den nasjonale målsetjinga på 30 %.

Slik vi ser det, og som rapporten og peikar på, er det berre gjennom ein kraftig auke i statlege stimuleringsmidlar at målsetjinga kan nåast. Dette må vere faste stimuleringsmidlar og ikkje berre prosjektmidlar, altså tilskot av type 2 i utvalet si tilråding.

”Rimeleg pris”

Fram til 2004 var maksimumsprisen fastsett av staten til 1600 kr pr. år. I Austevoll er kontingenten på musikktilboda i dag 3675 kr, men med 25 % syskenmoderasjon.

Utvalet gjev framlegg om makspris på 2000 kr.

Vi er samd med utvalet i at dette er eit passande nivå for ”ein rimeleg pris”, men ser og at ein slik reduksjon av kontingenten i Austevoll vil føre til eit stort inntektstap dersom dette ikkje vert kompensert med statlege midlar.

Vi støttar framlegget til makspris på 2000 kr under føresetnad av at inntektstapet vert kompensert av staten.

Forskrift – statleg ansvar.

Den einaste lovfestinga av kulturskulen i dag er Opplæringslova sin § 13.6:

”Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.”

Dette skuleslaget er for viktig til at dette skal vere det einaste nasjonale grunnlaget for dette. Difor er det naudsynt at det kjem nasjonale forskrifter som gjev klarare retningslinjer for korleis dette skuleslaget skal vere ute i kommunane.

Dette vil ha mykje å seie for at intensjonane i lova vert realisert.

Forskriftene må gje retning og føringar for innhald, kvalitet og volum som kommunane kan halde seg til.

Vi støttar utvalet sitt framlegg til forskrifter som eit godt utgangspunkt.

I tillegg kan ein framtidig forskrift gjerne og innehalde meir om innhaldet i kulturskulen.

Oppsummering.

Austevoll kommune støttar i all hovudsak konklusjonane i rapporten og håpar Stortinget vil ta denne på alvor og gjere dei naudsynte vedtaka for å kunne realisere Kulturskuleløftet.

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre vil gje følgjande uttale:

Innleiing

Austevoll kommune takkar for invitasjonen til å gje uttale til rapporten *”Kulturløftet: Kulturskole for alle”*

Vi finn det svært gledeleg at regjeringa har sett kulturskulesaka høgt på den politiske dagsorden både i Soria Moria-erklæringa og i Kulturløftet I og II.

Utsagnet i Kulturløftet II er visjonært og syner sterk vilje til statleg ansvar for skuleslaget:

”Det skal gjennomføres et kulturskuleløft slik at alle barn som ønsker det får et kulturskuletilbud av god kvalitet til en rimelig pris. Dette skal sikres ved statlige stimuleringsmidler og en solid kommuneøkonomi.”

”Alle barn som ynskjer det”

Utvalet legg til grunn for sine framlegg til statlege tilskotsordningar at ein innan 2014 skal nå målsetjinga om at 30 % av elevane i grunnskulen skal få plass i kulturskulen.

For heile landet er talet i dag 14,8 % og i Austevoll 23,7 %.

At talet i dag er såpass høgt i Austevoll skuldast at vi i år har svært mange elevar på dans, der det vert undervist i store grupper.

På same måte som for landsgjennomsnittet, er "ventelistetalet" i Austevoll på om lag 25 % av elevtalet i kulturskulen.

Dersom vi hadde teke opp alle elevane som står på venteliste, hadde vi kome opp i 29,5 % dekning av elevane i grunnskulen, det vil si om lag det same som den nasjonale målsetjinga på 30 %.

Slik vi ser det, og som rapporten og peikar på, er det berre gjennom ein kraftig auke i statlege stimuleringsmidlar at målsetjinga kan nåast. Dette må vere faste stimuleringsmidlar og ikkje berre prosjektmidlar, altså tilskot av type 2 i utvalet si tilråding.

"Rimeleg pris"

Fram til 2004 var maksimumsprisen fastsett av staten til 1600 kr pr. år. I Austevoll er kontingenten på musikktilboda i dag 3675 kr, men med 25 % syskenmoderasjon.

Utvalet gjev framlegg om makspris på 2000 kr.

Vi er samd med utvalet i at dette er eit passende nivå for "ein rimeleg pris", men ser og at ein slik reduksjon av kontingenten i Austevoll vil føre til eit stort inntektstap dersom dette ikkje vert kompensert med statlege midlar.

Vi støttar framlegget til makspris på 2000 kr under føresetnad av at inntektstapet vert kompensert av staten.

Forskrift – statleg ansvar.

Den einaste lovfestinga av kulturskulen i dag er Opplæringslova sin § 13.6:

"Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles."

Dette skuleslaget er for viktig til at dette skal vere det einaste nasjonale grunnlaget for dette. Difor er det naudsynt at det kjem nasjonale forskrifter som gjev klarare retningslinjer for korleis dette skuleslaget skal vere ute i kommunane.

Dette vil ha mykje å seie for at intensjonane i lova vert realisert.

Forskriftene må gje retning og føringar for innhald, kvalitet og volum som kommunane kan halde seg til.

Vi støttar utvalet sitt framlegg til forskrifter som eit godt utgangspunkt.

I tillegg kan ein framtidig forskrift gjerne og innehalde meir om innhaldet i kulturskulen.

Oppsummering.

Austevoll kommune støttar i all hovudsak konklusjonane i rapporten og håpar Stortinget vil ta denne på alvor og gjere dei naudsynte vedtaka for å kunne realisere Kulturskuleløftet.

Vedlagte saksdokument:

Dok.dato	Tittel
15.11.2010	Rapporten Kulturskuleløftet - kulturskule for alle, høyring
24.11.2010	Kulturskuleløfte - kulturskule for alle

Bakgrunn for saka:

Den 22. desember 2009 oppnemnde Kunnskapsdepartementet eit utval som mellom anna skulle sjå nærare på dei utfordringane og mogelegheitene som ligg i et styrka samarbeid mellom kulturskolen, grunnskulen og SFO, og gje framlegg til korleis ulike kulturskuleaktivitetar og andre kulturaktivitetar betre kan leggjast inn i tilknytning til skuledagen. Utvalet sitt arbeid vart initiert på bakgrunn av punkt 4 i Kulturløftet II, som er regjeringa si kulturpolitiske plattform:

"Det skal gjennomføres et kulturskoleløft slik at alle barn som ønsker det får et kulturskoletilbud av god kvalitet til en rimelig pris. Dette skal sikres ved statlige stimuleringsmidler og en solid kommuneøkonomi. Utvikling av et mer omfattende kulturskoletilbud i tilknytning til SFO/skole skal utredes. Det skal være rom for ulik lokal organisering av kulturskolen. Det skal legges til rette for synliggjøring av kulturskolen og for talentutvikling."

Utvalet vart bede om å synleggjere ulike alternativ som kan vere med å sikre eit forsterka og likeverdig kulturskuletilbod for fleire barn til en rimeleg pris, med god kvalitet og ei effektiv utnytting av ressursane.

Den 7. september 2010 vart rapporten frå utvalet presentert under tittelen:

"Kulturløftet: Kulturskole for alle" og overlevert til statsråd Kristin Halvorsen.

I samband med dette inviterer Kunnskapsdepartementet no til ei brei høyring for å gje flest mogeleg instansar høve til å uttale seg om kulturskuleutvalet sin rapport.

Mellom anna har alle kommunane i landet fått rapporten til uttale.

Rapporten er vedlagd denne saka. Høyringsfristen er 14. februar 2011.

Vurdering:

Heile rapporten er på 141 sider, og mykje av innhaldet dreier seg om å kartleggje korleis stoda er i dag og å skissere historikken til den norske kulturskolen.

Vidare tek utvalet for seg dei ulike punkta i mandatet og i Kulturløftet II, greier ut kva dei meiner ligg i desse og peiker på kva som må til for å nå måla som er skissert.

Måla er altså å sikre:

- Kulturskuletilbod til alle born som ynskjer det.
- God kvalitet
- Rimeleg pris
- Meir omfattande kulturskuletilbod i tilknytning til SFO og grunnskulen.
- God synleggjering
- Det skal leggjast til rette for talentutvikling.

Utvalet sine tilrådingar finn ein i dei ulike kapitla i rapporten, men dei er og samla i kapittel 1.5: *Sammendrag av utvalgets innstilling.*

Det vert peika på at kunstfaga har hatt ein jamn tilbakegang i grunnopplæringa og lærarutdanninga dei siste 15-20 åra.

Vidare ser ein at svært mange står på venteliste til kulturskulane. Talet på elevar som står på venteliste er nesten 25 % av talet på elevar i kulturskulane.

Mange kommunar har gjennomført stor auke av elevkontingenten dei siste åra, etter at kommunane vart fristilte i høve til å fastsetje kontingentsatsane.

Utvalet tilrår:

- At det vert lagt betre til rette for at elevar kan få kulturskuleundervisning i skuletida og SFO-tida. Dette må kunne løysast smidigare i høve til lover og forskrifter. Utvalet tilrår at det vert gjort endringar i Opplæringslova for å få til dette.
- At elevar på ungdomstrinnet kan velje blant kunstfaga innanfor faget Utdanningsvalg.
- Den statlege ressursbruken til kulturskulesektoren må aukast monaleg. Ordninga med stimuleringsmidlar må vidareførast, og aukast til langt høgare årlege løyvingar enn 40 millionar som i 2010.
- Den statlege tilskotsordninga bør vere todelt: 1. Utviklingsmidlar som vert tildelt etter søknad til utviklingsprosjekt, og 2. Stimuleringsmidlar som vert gjeve til kvar kommune, så sant visse kriterium er innfridd. Desse midlane bør vere knytt til aktiviteten slik at auka aktivitet gjev auka midlar.
- Det bør lagast ei forskrift for kulturskulen, knytt til §13.6 i Opplæringslova. Utvalet sitt framlegg til slik forskrift finn ein som Vedlegg A i rapporten.
- Det bør innførast ein makspris i kulturskulen. Denne skal ikkje overstige 2000 kr pr år.
- Det bør satsast meir på dokumentasjon og forskning innan kulturskulefeltet. Dette vert særskilt viktig då realisering av Kulturskuleløftet har omfattande faglege, organisatoriske og økonomiske konsekvensar.

Framlegg til uttale frå Austevoll kommune:

Innleiing

Austevoll kommune takkar for invitasjonen til å gje uttale til rapporten *"Kulturløftet: Kulturskule for alle"*

Vi finn det svært gledeleg at regjeringa har sett kulturskulesaka høgt på den politiske dagsorden både i Soria Moria-erklæringa og i Kulturløftet I og II.

Utsagnet i Kulturløftet II er visjonært og syner sterk vilje til statleg ansvar for skuleslaget:

"Det skal gjennomføres et kulturskuleløft slik at alle barn som ønsker det får et kulturskuletilbud av god kvalitet til en rimelig pris. Dette skal sikres ved statlige stimuleringsmidler og en solid kommuneøkonomi."

"Alle barn som ynskjer det"

Utvalet legg til grunn for sine framlegg til statlege tilskotsordningar at ein innan 2014 skal nå målsetjinga om at 30 % av elevane i grunnskulen skal få plass i kulturskulen.

Gjennomsnittet på landsbasis er i dag 16 % og i Austevoll 23,7 %.

På sama måte som for landsgjennomsnittet, er "ventelistetalet" i Austevoll på om lag 25 % av elevtalet i kulturskulen.

Dersom vi hadde teke opp alle elevane som står på venteliste, hadde vi kome opp i 29,5 % dekning av elevane i grunnskulen, det vil si om lag det same som ned nasjonale målsetjinga. Slik vi ser det, og som rapporten og peikar på, er det berre gjennom ein kraftig auke i statlege stimuleringsmidlar at målsetjinga kan nåast. Dette må vere faste stimuleringsmidlar og ikkje berre prosjektmidlar, altså tilskot av type 2 i utvalet si tilråding.

"Rimeleg pris"

Fram til 2004 var maksimumsprisen fastsett av staten til 1600 kr pr. år. I Austevoll er kontingenten på musikktilboda i dag 3675 kr, men med 25 % syskenmoderasjon.

Utvalet gjev framlegg om makspris på 2000 kr.

Vi er samd med utvalet i at dette er eit passande nivå for "ein rimeleg pris", men ser og at ein slik reduksjon av kontingenten i Austevoll vil føre til eit stort inntektstap dersom dette ikkje vert kompensert med statlege midlar.

Vi støttar framlegget til makspris på 2000 kr under føresetnad av at inntektstapet vert kompensert av staten.

Forskrift – statleg ansvar.

Den einaste lovfestinga av kulturskulen i dag er Opplæringslova sin § 13.6:

"Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles."

Dette skuleslaget er for viktig til at dette skal vere det einaste nasjonale grunnlaget for dette. Difor er det naudsynt at det kjem nasjonale forskrifter som gjev klarare retningslinjer for korleis dette skuleslaget skal vere ute i kommunane.

Dette vil ha mykje å seie for at intensjonane i lova vert realisert.

Forskriftene må gje retning og føringar for innhald, kvalitet og volum som kommunane kan halde seg til.

Vi støttar utvalet sitt framlegg til forskrifter som eit godt utgangspunkt.

I tillegg kan ein framtidig forskrift gjerne og innehalde meir om innhaldet i kulturskulen.

Oppsummering.

Austevoll kommune støttar i all hovudsak konklusjonane i rapporten og håpar Stortinget vil ta denne på alvor og gjere dei naudsynte vedtaka for å kunne realisere Kulturskuleløftet.